

S
Sunnhordland
 MÅNDAG 10. SEPTEMBER 2018
 NR. 104 - 116. ÅRGANG - LAUSSAL KR 29,-

DAGENS MIDDAG
 inkl. kaffi

MANDAG: BETASUPPA
 TIRSDAG: KJØTTKAKER
 ONSDAG: BETASUPPA
 TORSDAG: KOMLA
 LAURDAG: GRAUT

KRINGLO AS
 BORGGAATA 15
 TLF. 412 75 400

Ro din båt

KYSTKULTUR: Meir enn 1.000 skule-elevvar frå ti ulike kommunar i Hordaland, har dei siste vekene vore med på prosjektet «Snakkast på fjorden». Førre veke var elevane i 9. klasse frå Stord ungdomsskule i aksjon på sjøen, der dei mellom anna fekk læra å ro. **Side 2 og 3**

Folk til fjells



INNHALDSRIK DAG: Mathilde Kloster (14), Lovise Rimmereid (13) og Oline Rimmereid (4) var blant dei mange som tok turen til Midtfjellet Vindpark laurdag. Aktivitetsdag, motbakkeløp, orienteringsløp og offisiell opning av fase tre i vindparkutbygginga stod på programmet. **Side 16-17**

Jeans&Bukser
30%

Tilbudet gjelder fra 10. - 15. sept

ZAVANNA
 AMFI Stord

risøe®
 Heiane Storsenter

zavanna.no
risoe.net

Visninger uke 37

EiendomsmeglerVest



STORD - ØKLANDSLIO
 Adresse: KNOSTERNESET 29
 Megler: Ørjan Stokka, tlf. 917 88 408
 Visning: Tirsdag 11 september kl. 16.00 - 17.00



SAGVÅG - MOSAHAUGEN
 Adresse: MOSAHAUGEN 62
 Megler: Ørjan Stokka, tlf. 917 88 408
 Visning: Mandag 10. september kl. 16.00 - 17.00



FITJAR - KRÅKO
 Adresse: LITLA KRÅKO
 Megler: Gudny E. Kydland, tlf. 991 59 644
 Visning: Søndag 9. september kl. 12.00-13.00



HAGA - STORD
 Adresse: STRONGALIO 50
 Megler: Ola Nesse, tlf. 450 07 766
 Visning: Mandag 10. september kl. 17.00 - 18.00



NYHENDE



MORO: Ina S. Folgerø (til v.), Zahraa Razaq, Malin J. Fylkesnes, Lisa Nordfonn, Mohammed H. Hosseini og Tony S. Daovilay lærte å ro.



PÅ SJØEN: Her kjem elevane roande inn i Sponavikjø. – Det var skikkeleg lagarbeid, og litt vanskeleg, seier Zahraa Razaq.



GRUPPEAKTIVITET: Gjennom ulike aktivitetar lærte elevane om berekraftig utvikling og plasforureining.



TIL KAI: Lisa Nordfonn (14) frå 9. klasse på Stord ungdomsskule gjer seg klar til å gå i land frå robåten, som elevane var på t

9. klassingar i samspel

Lisa Nordfonn og 9. klasse frå Stord ungdomsskule fekk prøva seg på sjøen.

I lett regnvêr fekk dei fire 9. klassane frå ungdomsskulen på Stord ein skuledag ved, i og på fjorden førre veke. Dei var med på «Snakkast på fjorden», eit prosjekt med fokus på årekraft, meistringskraft, berekraft og vindkraft.

– Det var vått utpå her, men det gjekk veldig fint. Det hadde

vore verre med sol, for då hadde det nesten vorte for varmt, seier Lisa Nordfonn (14).

Ny oppleving

Saman med roinstruktør Jan Tufteland og sju klassekameratar, i ei blanda gruppe med elevar frå alle dei fire klassane på niandetrinnet, fekk Nordfonn prøva seg på roing frå hamna i Leirvik og heilt inn til Sponavikjø.

– Det var skikkeleg lagarbeid, og litt vanskeleg. Men det var veldig moro med ei heilt ny oppleving, seier

Zahraa Razaq (13).

Undervegs på roturen måtte elevane læra seg å ro i takt, og deretter med kraft og fart.

– Å halda takten er viktig. Undervegs hadde me òg kapp-roing mot elevane i den andre robåten, fortel Ina Sætrevik Folgerø (14).

Samarbeid er nøkkelen

Undervegs på roturen fortalde instruktør Tufteland ein del om galeislavar, ei nemning frå 1500-talet som vart brukt om kristne fangar som dei osman-ske tyrkarane og sjørøversta-



Det var skikkeleg lagarbeid, og litt vanskeleg. Men det var veldig moro med ei heilt ny oppleving.

Zahraa Razaq (13)

tane i Nord-Afrika brukte til rorskarar på galeiane. Seinare brukte òg andre middelhavsmaktar galeislavar, ifølgje Store norske leksikon. Tufteland sytte elles for både tryggleik og opplæring på sjøen.

– Det som er så kjekt med roing er at uansett kor mykje ein trenar på det, så kjem alle likt fram. Samarbeid er nøkkelen, sa han.

Forureining og vasstryggleik

Etter å ha lagt til moloen i Sponavikjø venta lunsjpause, før elevane bytte aktivi-



ur med frå hamna i Leirvik sentrum til Sponavikjø. ALLE FOTO: INGVLID SIGLEN BERGER

I på sjøen

tet med ei anna gruppe. Då var det tid for å læra om berekraftig utvikling og plastforureining.

Ei gruppe var om bord i seglskuta «Seladon», med skippar Einar Matre, der elevane fekk læra korleis ein heiser og trimmar segla, og korleis ein navigerer etter gamle sjømerke og anna sjømannskap.

Vasstryggjeleik og meistringskraft i og ved sjøen var fokus for ei anna elevgruppe, som fekk symja, klatra og hoppa uti fjorden frå svaberg, i regi

av instruktørar frå Coasteering AS.

Fleire enn 1000 med

«Snakkast på fjorden» var på Leirvik frå 4. til 7. september, og har elles turnert rundt i ti ulike kommunar i heile Hordaland, mellom dei Fitjar, Bømlo, Kvinnherad og Austevoll. Skuleelevar frå 5. til 10. klasse har vore med.

– Til saman har fleire enn 1.000 elevar vore med på opplegget, fortel Tufteland.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Bergen og Omland

Friluftsråd, seglskuta Seladon, Coasteering AS, Ragn Sells, FN-sambandet og Kystsovevekene, og kom i stand gjennom aktiviseringsmidlar til friluftslivsføremål frå Miljø- og klimadepartementet, løyvd av Hordaland Fylkeskommune.

Målet er at «Snakkast på Fjorden 2018» skal vera starten på ein årleg tradisjon under Kystsovevekene.

► **Ingvid Siglen Berger**
ingvild@sunnhordland.no

Full 26-åring bryska seg mot politiet

► **STORD:** Då klokka var 00.55 natt til laurdag ringde ein utestad i Leirvik til politiet.

– Då hadde dei ein mannleg gjest på 26 år som ikkje ville heim, seier Kurt Løkingholm, operasjonsleiar i Sør-Vest politidistrikt.

Den svært rusa 26-åringen byrja ein høgløyd krangel med vaktene på staden då dei ville kasta han ut.

– Då politipatruljen kom til staden, bryska han seg mot politiet også, held Løkingholm fram.

Mannen roa seg etter kvart, og politiet køyrde han heim til bustaden sin på Stord.

– Mannen blir meldt både for ordensforstyrring og forulemping av offentleg tenestemenn, seier Løkingholm.

Ikkje fort gjort å redde hjort

► **STORD:** I 03.30-tida natt til søndag måtte politiet hjelpa ein hjort som sat fast i eit gjerde.

– Patruljen rykte ut til Flyplassvegen på Stord. Der hadde ein hjort vikla seg inn i eit gjerde, seier Kurt Løkingholm, operasjonsleiar i Sør-Vest politidistrikt.

Hjorten sat bom fast, og var heilt desperat.

– Hjorten drog gjerde med seg ut i vegbanen, seier Løkingholm.

Etter fleire timar med å prøva å roa og hjelpa det livredde dyret, fekk til slutt patruljen frå Stord det til.

– Dei heldt på i timevis. Då klokka var 05.30 var hjorten laus. Her skal patruljen ha ros. Dette kan ikkje ha vore enkelt, skryt Løkingholm.

Røyklukt etter lynnedslag

► **BØMLØ:** Brannvesenet rykte ut til eit bu og behandlingssenter laurdag kveld.

– Dei tilsette ringde til brannvesenet då dei kjende røyklukt etter eit lynnedslag laurdag kveld, seier Kurt Løkingholm, operasjonsleiar i Sør-Vest politidistrikt.

Brannvesenet fekk melding om hendinga då klokka var 19.13.

– Brannvesenet kjende også røyklukt då dei kom til staden. Men det var verken flammor eller røyk å sjå, seier Løkingholm.

Ei stund etterpå fann brannvesenet ut kvifor det lukta svidd i bygget.

– Det skal vera snakk om ein magnetlås som hadde kortslutta, seier Løkingholm.

Bil i grøfta med fem om bord

► **STORD:** – Me fekk melding om ein bil som hadde køyrt i grøfta, seier Kurt Løkingholm i Sør-vest politidistrikt.

Meldinga kom då klokka var 21.31 laurdag kveld. I bilen var det totalt fem personar.

– Ulukka skal ha skjedd på FV61 på Haga på Stord, seier Løkingholm.

Sjåføren av bilen skal ha komme feil inn i ein sving,

og hamna i grøfta. 18-åringen hadde fire passasjerar mellom 17–21 år med seg i bilen.

– Alle passasjerane kom seg ut av bilen på eiga hand, og det skal ikkje vera snakk om personskadar. Det er heller ikkje mistanke om ruskøyring, og føraren ordna sjølv med bilberging, seier Løkingholm.

Køyrde dagen derpå

► **STORD:** Han angrar nok på at han festa litt for lenge, 23-åringen som vart stansa i promillekontroll ved Heiane i 08.30-tida søndag morgon.

– Han vart stoppa i ein promillekontroll, og er mistenkt for å ha køyrt med promille. Sjåføren vart teken med inn til lensmannskontoret for blåseprøve, melder Sør-Vest politidistrikt på Twitter.

MEININGAR



Pressens
FAGLIGE UTVALG

Sunnhordland ønskjer å rette seg etter reglar for god presseskikk slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Den som meiner seg ramma av urettmessig avisomtale vert oppfordra til å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reise klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17 3. etg. postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo, telefon 22 40 50 40. E-post: ptu@np-nr.no

SUNNHORDLAND MEINER:

Snakkast på fjorden

► **Dei to siste** vekene har over 1.000 skuleelevar i ti kommunar fått eit nært møte med sjøen, i prosjektet «Snakkast på fjorden». Prosjektet har fokus på vindkraft, årekraft, meistringskraft og berekraft, og her har elevane mellom anna lært å ro i lag, segla, samla plast og lært om tryggleik i og ved sjøen.

► **Prosjektet kom i stand** via aktiviseringsmidlar til friluftslivsføremål frå Miljø- og klimadepartementet, løyvd av Hordaland Fylkeskommune. Prosjektet er eit samarbeid mellom Bergen og Omland Friluftsråd, seglskuta Seladon, Coaststeering AS, Ragn Sells, FN-sambandet og Kystsogeveke.

► **På denne måten** har ein sett fokus på kystkultur på ein ny måte, som i større grad involverer den oppveksande generasjonen. Her har ein laga aktivitetar som brukar sjøen som hovudarena, kombinert naturopplevingar, kulturhistorie, miljøvern og friluftsliv for barn og unge, og skapt meningsfylte oppdrag for seriøse maritime kulturaktørar.

► **Dette prosjektet markerer** samstundes slutten på årets kystsogeveker. Lokalt har det vore fleire arrangement, blant anna vervadagane på Jensaneset, og Kanaldagane på Finnås. Det er vel ikkje til å stikka under ein stol at mykje av programmet i regi av Kystsogeveke er mest populært blant den eldre garde, og kanskje dei aller yngste. Det er ikkje like lett å nå ungdommen.

► **Snakkast på fjorden** er eit flott tiltak der ungdommar lærer ting som var noko dei fleste ungdommar meistra for eit par generasjonar sidan. Målet er at dette skal vera starten på ein årleg tradisjon under Kystsogeveke. Det håpar me det blir.

Biltema og andre saker

Ser det har vært en del skrivning vedrørende det nye Biltema-bygget. Det siste er fra Gisle Tjong 29/8. Nå må Gisle Tjong huske på, som han selv har uttalt tidligere, at politikere er ikke noe videre gode når det gjelder tall, og ellers praktisk regning.

En ting er at Fylkesmannen er jo politiker, så vidt jeg vet i partiet Venstre. Den andre tingen er at politikere har andre regnemåter en oss på den såkalte «grasrota». Men ellers tror jeg at Fylkesmannen har en eller annen personlig grunn her for å sette kjepper i hjul.

Men jeg skal ta et par eksempel på politisk regnekunnskap. For vel ett år siden fik min kone et fint «frierkort» fra våres statsminister, Erna Solberg. Der sto det greit og tydelig, at nå skal alle pensjonistene i Norges land

få 8.000 mer å leve av. Jeg antar at dette var på årsbasis. I 2017 fikk vi først et tillegg på 94,- per måned, deretter i oktober samme året tillegg på 85, til sammen 179 kroner per måned. Så nå i 2018 fikk vi et tillegg på 506 kroner per måned, ikke hver, men til sammen. Jeg har forsøkt flere ganger, men kan ikke få dette til å bli 16000 kroner per år. Men som sagt, politikere har jo en annen regnemåte, som er på ett høyere plan.

Så fant jeg tilfeldigvis ett Bergens Tidende fra 30/6-2017 hvor en ungdomskandidat fra Unge Venstre hadde et leserbrev med tittelen «Dyre pensjonister». Han hadde selvsagt allerede stukket ut kursen for Løvebakken. Han kommer med at fra 2006 til 2016 har pensjonistene fått et tillegg på nesten 60 prosent,

mens arbeidsfolket har fått kun 47 prosent. Men han kom ikke med noe grunnbeløp, verken månedlig/årlig pensjon, eller timelig/årlig lønn. Men sånn er det i politikken, det viktigste «fagbrevet» en trenger der er partiboken, og å kunne snakke for seg, men for all del spør ikke om hva de mener med det de snakker om.

Rundt 1947 var det en prest som kom ut til Stolmen i Austevoll og startet en framhaldskole, 6 måneders kurs, og i et vers i avslutningssangen sto det:

«Å sitja i Storting og styre, ein treng ingen skular å ha, men gjeld det ei sjikkeleg hyre, kan slikt eit kurs væra bra å ha!»

Skule Pettersen
Sagvåg

Den Gordiske knute

Utan å ha sett meg skikkeleg inn i sakene, vil eg koma med følgjande framlegg:

Biogass

Her verkar det som det er krav om både veg og kai for å etablere anlegget.

Samstundes er det ingen som vil ha det i sitt nærmiljø. Om det er ein reell fare for lukt osv. skal eg ikkje ha sagt noko om, men det at folk engstar seg, er verkeleg nok og må takast på alvor.

Ferjeleie

Det har vore ei lang diskusjon i kommunen om kor ferjeleie til Kvinnherad skal plasserast.

Her er det ulike omsyn som skal ivaretakast utan at det lar seg gjera å foreinast om eit godt alternativ.

Nye E39

Samstundes som diskusjonen har gått om sakene over, har det vore ein diskusjon om behov og traseval for nye E39.

Men uansett 2 eller 4-felts veg, bru over Bjørnefjorden eller ikkje, vil det verta behov for ei bru over Langenuen.

Spørsmålet mitt er difor om ei kan løfta brua over Langenuen ut av vegplanen for nye E39 og la den gå som eit eige prosjekt uavhengig av E39?

Då vil prosjektet kunne startast alt i 2020 og kunne stå ferdig i 2023.

Dette vil løyse den gordiske knuten, ved at behovet for ny ferjekai mellom Kvinnherad og Stord forsvinn, samstundes som Jektevik og kaianlegget der kan stillast til disposisjon for eit biogassanlegg.

Eg ber dei politiske myndighetene vurdere dette innspillet og eventuelt ta dei naudsyste innspel inn mot sentrale myndigheter og vegstell.

Torbjørn Hauge
Stord

Biogassanlegg i Grunnvågen

Stord Næringsråd er glad for og stolt over at me har næringslivsaktørar på øya som er villige til å investere i framtidige arbeidsplassar. At me har personar som ønskjer å bidra til næringsutvikling og verdiskaping.

Lokalt etablerte verksemdar, med lokalt eigarskap, er svært viktig for eit samfunn. Det gjer skatteinntekter til kommunen, utviklar mangfald av arbeidsplassar og fag, og sikrar både vidaregåande- og høgskuleutdanning. Og ikkje minst er det med

å skape identitet og attraktive samfunn.

Me har god tradisjon på Stord for arbeidsplassutvikling, og me har tradisjon for høg sysselsetting og verdiskaping. I tider kor industrien er i endring og mange jaktar nye marknader, er det difor ekstra positivt at lokale investorar etablerer eit biogassanlegg på Stord. Anlegget som er planlagt i Grunnvågen har ein framtidsretta profil kor både forskingsmiljø og serviceanlegg skal byggjast opp i tillegg til

sjølve fabrikkjen. Stord Næringsråd er overtydd om at denne etablering er med å ta oss inn i ei ny tid, med grunnlag bygd på kompetanse og kapital i den oljerelevante industrien.

Biogassanlegg på Stord er ein del av omstillinga. Dette har me fått til før, og dette klarar me igjen!

Anne-Grete Sandtorv
Dagleg leiar
Stord Næringsråd

ANSVARLEG REDAKTØR:



Magne Kydland
Tlf. 982 42 007
magne@sunnhordland.no

NYHETSLEIAR



Hilde Vormedal Nybø
Tlf. 982 42 008
hildevn@sunnhordland.no

DAGLEG LEIAR:



Reidar Hystad
Tlf. 906 76 983,
reidar@sunnhordland.no

DIGITALANSVARLEG



Vidar Hope
Tlf. 982 42 030
vidar@sunnhordland.no



Olav Røli
Tlf. 982 42 014
olav@sunnhordland.no



Kjetil Østrem
Tlf. 982 42 022
kjetil@sunnhordland.no



Henrik Mundal Andreassen
Tlf. 415 16 544
henrik@sunnhordland.no



Marius Knutsen
Tlf. 480 03 934
marius@sunnhordland.no



Ingvild Siglen Berger
Tlf. 918 77 188
ingvild@sunnhordland.no

**Fleire debattinnlegg
på sunnhordland.no**